# Årsmelding 2021 Idrettslaget Høyang








# Årsmøte i IL Høyang

## Måndag 14. mars kl. 18.00 på Øren Hotel

**Korrigert sakliste:**

**Sak 1:** Godkjenne dei som har røysterett
**Sak 2:** Velje dirigent
**Sak 3:** Velje protokollførar
**Sak 4:** Velje to medlemmar til å skrive under protokollen
**Sak 5:** Godkjenne innkallinga
**Sak 6:** Godkjenne saklista
**Sak 7:** Handsame idrettslaget si årsmelding, medrekna eventuelle gruppeårsmeldingar
**Sak 8:** Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand
**Sak 9:** Fastsetje medlemskontingent for 2022
**Sak 10:** Vedta idrettslaget sitt budsjett
**Sak 11:** Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan
**Sak 12:** Gjere følgjande val:
**12.1** Styreleiar
**12.2** Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantane
**12.3** Valkomité: leiar, medlemmar, varamedlem
**12.4** Øvrige val i samsvar med idrettslaget sin organisasjonsplan

**Grunna servering er det påmelding innan torsdag 10. mars på: www.ilhoyang.no.**
Du vil då motta ein link til møtet.

---

**Har du spørsmål om årsmøtet**
send e-post til: helge.oyehaug@hoyanger.kommune.no

**Viktig!**
- **Ikkje kom om du er sjuk.**
- **God handhygiene.**

**Velkommen til årsmøte!**

- Styret -

# Sak 1

## Godkjenne dei som har røysterett

# Sak 2

## Velje dirigent

# Sak 3

## Velje protokollførar

# Sak 4

## Velje to medlemmar til å signere protokoll

# Sak 5

## Godkjenne innkalling

# Sak 6

## Godkjenne sakliste

# Sak 7

## Handsame idrettslaget sine årsmeldingar

# ÅRSMELDING IDRETTSLAGET HØYANG 2021
# HOVUDSTYRET

**Styret si samansetning:**

| | |
|---|---|
| Leiar: | Helge Øyehaug |
| Nestleiar/kasserar: | Vidar Skår |
| Skrivar: | Hilde Johanne Bjørkhaug |
| Marknad/sponsor: | Svein Olav Aardal |
| Varamedlem: | Jon-Arne Ytredal |
| Valgkomité: | Petter Sortland og Ingrid Sviggum Håre |
| Revisorer: | Marianne Taule, Svein Arne Høyheim og Leif Magnar Bach |

**Gruppeleiarar:**

| | |
|---|---|
| Fotballgruppa | Tore Ytredal |
| Klatregruppa | Robert Breidvik |
| Innebandygruppa | Marius Lillehauge |
| Friidrettsgruppa | Anne Sissel Nordeide |
| Karategruppa | Heidi Kleiven |
| Turngruppa | Marita Tonning |
| Handballgruppa | Tommy Ølmheim |
| Allidrett | Lindis Hilde |
| Falkenhytta | Olav Nordgulen |
| Biljard (på prøve) | Tord Are Stølen |

1. **Møter**
   Eit årsmøte.
   8 møter i AU
   4 styremøter


sparebanken sogn og fjordane · Sport'n Høyanger · Hydro · Statkraft · lederne Vi bygger gode ledere avd. 49 Høyanger

## 2. Saker styret har jobba med i 2021

- Treningstider
- Klubblokaler i Høyangerhallen
- Sponsorkontrakter
- Websida
- Oppgradering av sentralidrettsanlegget.
- Covid-19
- Økonomi

## 3. Styret sin kommentar

- Treningstider.
I år hadde vi og store utfordring med å få treningstidene til å gå opp. Det gjekk til slutt, men her har vi rom for forbetring.

- Oppgradering av sentralidrettsanlegget. Arbeidsutvalet sendte i mai 2021 eit brev til kommunen kring uro rundt tilstanden på sendtralidrettsanlegget.

Anlegget treng sårt ei oppgradering.
Rundløpsbane. Her må grusen bytast ut med fast dekke. Eit sjølvdrenerande dekke over drensasfalt. I kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv står det at sentralidrettsanlegga er dimensjonert slik at ein kan arrangere meisterskap på regionplan. Dette meinar vi ikkje er mogeleg slik anlegget er pr.idag.
Fotballbane, kunstgras. Her treng ein nytt dekke når vi får nye tippemidlar. Dekket som ligg der i dag er svært slite og ujamt. Vi ser og at netta som skal hindre ballar i å forsvinne i elva er for lågt. Vi mister mykje ballar grunna dette. Her burde også vore laga ei tribune då mange kampar vert plassert på denne bana.
Stadion, gras. Her meinar IL Høyang at ein bør vurdere kunstgras, men av ein slik kvalitet at det vert eit fullverdig friidrettsanlegg. Kastøvelsar må kunne gjennomførast. Ein bør også byggje tilhøyrande tribune med overbygg.
Vi ser og at det bør investerast i ei stadiontavle som kan vere ute permanent og som kan serve begge banene, men dette kan og løysast ved tilpassingar i samband med eit klubblokale i 2.høgda.
På baksida av idrettshallen burde det vore plassert ein lagerhall/rubbhall til oppbevaring av utstyr. Vi ser at når vi skal oppfylle krav til for eksempel minifotball må vi ha ein del utstyr som tek plass, og det er ikkje bra at dette står ute heile året. Framleis ei utfordring her.

- Sponsorkontrakter
Det var trekning på eit par arrangement i dei ulike gruppene utover året, men grunna covid-19 var det mest sentrale trekningar. Det var 15 trekningar.
Kontraktane vart selde digitalt.

-Websida. Nettsida er oppe og går, bruk denne. Jon Arne Ytredal har lagt ned eit stort arbeid slik at denne er svært brukarvennlig. Mellom anna kan ein her reservere ein av bussane til turar. Viktig at gruppene brukar denne slik at vi får ei levande side.

-Covid-19.
Grunna pandemien har det vore ein god del redusert aktivitet og utfordringar for idrettslaget i 2021.

-Klubblokale.
Vi har underskrive ein intensjonsavtale. Planlagt ferdigstilt i januar 23. Vi har hatt utsendingar til møte med kommunen.

-Økonomi
Økonomien er bra og vi held oss innafor budsjettet.
Vi er 10 grupper med til samen ca. 900 medlemmer i laget.

Hovudfokuset er breiddeidrett der det skal vere rom for alle.

Hovudstyret til Idrettslaget Høyang ynskjer å takke alle medlemmar, sponsorar og samarbeidspartnarar.

Høyanger 10.februar 2021

For AU
Helge Øyehaug
Leiar

# IL HØYANG Allidrettgruppa
# Årsmelding sesong 2021

1. **Organisering**

Styret i allidrettsgruppa har vore samansett slik:

Lindis Hilde - Leiar

Malin Nyland Tonning - Nestleiar

Vidar Skår - kasserar

Katrine Nyland Tonning - styremedlem (material ansvarleg)

Cyndi Karina Araya - styremedlem (dugnads ansvarleg og refferent)

Anders Moritsgård - styremedlem (ansvarleg for barnehage gruppa)

Tina Bruaas- Styremedlem (Minifotball ansvarleg)

Ingvill Auganæs- Styremedlem (Minihandball)

Styret har hatt 6 møter; 5 ordinære styremøte og eit årsmøte.

Idrettane i allidrettgruppa har vore presenterte i årsplanen og i eit årshjul.

Allidrettsgruppa har kommunisert til medlemmane i hovudsak gjennom ei Facebook-gruppe. Dette ser stort sett ut til å ha fungert bra. Når det gjeld informasjon om års hjulet, som vi la inn i årsplanen, ser vi at dette har kome tydeleg nok ut til medlemmane.

2. **Økonomi**

Allidretts gruppa er sjølvfinansiert.

- Barneidrettsskulen hadde et underskot på kr. 34.200,- i 2021.

- Underskotet skuldas i hovudsak kjøp/opp gradering av utstyr til bruk på turnering og trening

- Barnehagebarna betaler ikke treningskontingent. Det blir tatt en trenings kontingent på kr. 150 for barn 1 til 4 klasse, de som deltar på minihåndball og minifotball. Treningskontigenten for 2021 er ikkje sendt pga. usikkerheten rundt Covid-19 pandemien som pågår, denne fører til ett redusert tilbud innen Allidretten.

# IL HØYANG Allidrettgruppa
# Årsmelding sesong 2021

3. **Aktivitetar**

**Trening for barnehageborn** i heil hall, fredag kl 1700-1800. Har til tider vore vanskelig å fått gjennfomført gjennom heile sesongen pga Covid-19 og blanding av kohorter. Barnehage gruppa har kunne vore delt, der 2 salar til dei minste med hinderløype og fri leik og 1 sal til 5 åringane (stjernegruppa), med forskjellige balleiker.

**Trening for 1.-4.klasse** har vore gjennomført i tre ulike salar, på måndagar kl.1600-1800. Vi har rullert på Handball, inne bandy, fotball (ute) og andre balleiker som kanonball, stikkball, badminton ol. Dette ser vi har vore veldig populært med andre sortar balleiker for borna. Dei ulike gruppene i årshjulet har sjølve bestemt korleis dei har ønskt å organisere barna i grupper og tidsfordeling. Vi ser at organisert idrett for denne barnegruppa har fungert godt innafor tidsramma 45 minutt.

Idrettane som har vore presenterte i årshjulet er handball, innebandy og fotball. I starten av idrettsåret 2021 vart alle undergruppene i idrettslaget inviterte til å vere med i årshjulet for å presentere sin idrett for barn i idrettskulen.

**Utandørs miniputt-trening** for 1.-4.kl har vi hatt frå 6.april -1.oktober 2021. Foreldre har teke på seg trenaransvar med trening ein gong per veke. Det har vore godt oppmøte på alle gruppene.

**Miniputt-turnering fotball** Vi arrangerte en minifotball turnering 12.juni for bare Høyanger. Barn i alderen 6-9 år (Stjernegruppa til og med 3.klasse) Der fikk dei medalje og goodie bag som var sponsa frå Coop Mega og kiwi. Så arrangerte vi Konglerike turnering i Høyanger 19.september. Ellers var det konglerike turnering i Dale og Hyllestad.

**Handballturnering** Var turnering i Askvoll, Dale, Gaular og Hyllestad.

**Innebandy** IL Høyang har for første gang spelt kampar i mini-bandy i NordVest-serien, der spelte dei 4 kampar i Jølstrahallen 11.desember.

**Den årlege nissefesten** Avlyst i år pga. Covid-19.

4. **Medlemmar**

**Utøvarar som er med på Allidretten ligger rundt 140 medlemmer, som er registrert i klubbadmin. Medlemslistene i klubbadmin er ikje oppdatert i 2021. Mangelfull registrering pga. Covid-19. Årsaken til dette er turneringer og treninger som er blitt utsatt, avlyst og flyttet på.**

# IL HØYANG Allidrettgruppa
# Årsmelding sesong 2021

For Styret
Lindis Hilde

Høyanger 17.02.22

Lindis Hilde ..............................
Lindis Hilde,
Leiar

Malin Nyland Tonning ..............................
Malin Nyland Tonning,
Nestleiar

Vidar Skår ..............................
Vidar Skår,
Kasserar

Katrine N. Tonning ..............................
Katrine Nyland Tonning,
Material Ansvarlig

Cyndi Araya ..............................
Cyndi Karina Araya,
Dugnads Ansvarleg/refferent

Anders Moritsgård ..............................
Anders Moritsgård,
Barnehagegruppa

Tina Bruaas ..............................
Tina Bruaas,
Miniputtfotball

..............................
Ingvill Auganæs,
Minihandball

# Årsmelding 2021 IL Høyang håndballgruppen.

## Styret

**Styret i håndballgruppen har bestått av følgende:**
Tommy Ølmheim -Leder
Silje-Marie Litsheim -Kasserer
Aina Drage -Dommer kontakt
Siv Ølmheim -Sportslig leder
Rita M. Eldevik -Dugnads kontakt
Tonje Strandos -Web ansvarlig
Ingvill Auganes -Barneidrett

Det er avhold 6 styremøter hvor saker generelt rundt drift og organisering av aktivitet har vært behandlet.

## Økonomi

Økonomien i gruppen har vært god og man har fått gjennomført planlagt aktivitet.

Se vedlagt revidert årsregnskap til årsmelding.

## Aktivitet

Håndball gruppen har i sesongen 2021/22 har hatt følgende lag med i turnering og seriespill.

- Jenter 6
- Gutter 6
- Jenter 7
- Gutter 7
- Jenter 8
- Gutter 8
- Jenter 9
- Jenter 10
- Gutter 9/ 10
- Jenter 11/12
- Gutter 11/12
- Kvinner senior 4 divisjon




Samlet har håndballgruppen organisert aktivitet for ca. 125 aktive utøvere.

**Mini håndball**
Minihandballen har i året som har gått vore ein del av allidretten sin aktivitet. I 20 av 29 treningsveker har handball stått på allidretten sin treningsplan, med trening ein dag for veka.

Vi har hatt eigne handballtrenarar og oppmenn for desse laga, og har aktivert om lag 45 born i alderen 6-8 år. I tillegg til treningane har ungane fått vere med på 5 turneringar, arrangert på ulike stader i vår region.

Alle laga har fått ein eigen lagbag av handballgruppa. Denne inneheld drakter til alle og noko medisinsk utstyr som til dømes ispose og tape. Oppmannen på dei ulike laga har tatt ansvar for denne, og har sytt for at drakter har blitt vaska til kvar turnering og at naudsynt utstyr har vore på plass.

For å drive minihandball har det vore avgjerande å ha handballar. Og med mykje ballaktivitet for mange lag samstundes har allidretten kjøpt inn eit betydeleg tal handballar. Det har gjort treningane til ungane både betre og lettare å gjennomføre.

Foreldre på alle minihandballaga har vore aktive og gode medhjelparar både som trenarar og oppmenn, på sidelinja, på tribuna, som sjåfør, ved dugnad og ved andre praktiske gjeremål.

For aldersgruppene over 8 år, så har desse hatt eigne faste treningar og turneringar.

**Gutter 6**
I starten av året var det ca. 6 gutar som prøvde seg på handball. I starten øvde vi på å spille litt handball, pakke ball og ca. posisjon. Vi bytta litt på korleis vi bygga opp treninga men vi hadde med litt leik og moro inni mellom treningane da vi fort såg at det var for «mange» handball regler og blei fort lei.

Vi søkte på nettet på ulike aktivitet innanfor handball og detta gikk greitt, men oppmøte vart dårligare. Eg og oppmann skreiv på Facebook når treninga var og kven som kunne komme, det var som regel ingen svar men det kom 3-4 stk. Vi heldt oss mykje i lag med jente 6 der vi hadde treninga i lag med dei og spilte og leika samen.

Dei ulike aktivitetane vi hadde var blant ant:
pakke ball, øve på å kaste og opp i lufta, være 2 og 2 og kaste i mål. Lagde ulike leikar som innehaldt å ha ein ball så dei kunne få øve på grep. Vi spelte «kamp» mellom oss jenter og gutar, og ulike aktivitet som dei elles gjer på skulen.

Vi har deltatt på nokre av kampane og det har gått veldig bra, dei har vore flinke og kosa seg, veldig kjekt å sjå! På siste turneringa som var i Høyanger, var vi dessverre for lite folk så da var vi heldige og fikk låne eit par speler frå gutte7.

Trener/oppmann: Cindy Karina Araya/Beate Ueland Alrek

**Jenter 7**
Jentene har hatt ei trening i uka mandager og deltatt på intersport4 turneringer i Askvoll, Dale, Gaular, Høyanger og Hyllestad. Jentene er en kjekk gjeng som viser stor fremgang.

Trener/Oppmann: Linn Fjæren/

**Jenter 8**
J8 har trent hver mandag, vi har vært mellom 6 og 9 spillere på hver trening. Fin gjeng å trene med som viser interesse for handball og er ivrige til å lære. Gjengen var i starten noe prega av lite kampspilling og trening under korona-tida, de har likevel gjort det godt på kamper og viser god framgang. Er flinke både i forsvar og angrep, alle har vært på scoringslista og det er aldri problem å få noen til å være keeper. Jentene har vært med på kamper i Askvoll, Dale, Sande, Førde, Høyanger og siste runde er planlagt i Florø neste helg.

Trenere og oppmann: Annelise Nes og Jeanett Markeset

**Gutter 8**
I starten var det 5 spelarar som ønskte å lære handball, og det har vore kjekt å sjå at fleire har kome til. På treningane har det vore viktig å vere i aktivitet med ball, ta del i leik og ha det kjekt i lag. Og framfor alt – vere ein del av laget og kjenne på fellesskapet det gir.

Dette laget har ikkje trena handball tidlegare. Hovudfokus har difor vore å lære kast og mottak, korleis sentre til kvarandre både stilleståande og i fart, å skyte på mål og kunne forsvare eie mål – både som utespelar og som keeper. Å bygge lag og heie på kvarandre har òg vore eit viktig fokus.

Trenere/Oppmann: Vegard Skreien, Aina Drage, Randi Fimland

**Jenter 9**
J9 består av ein gjeng på 7-8 spillere. I starten av sesongen så kunne dei veldig lite grunnleggende håndball, så den første perioden gikk det veldig mye i ulike øvelser som fekk jentene til å få inn det mest grunnleggende. J9 er ein gjeng som tek til seg det som vert sagt, og lærer ganske fort.

Ellers utover sesongen så har J9 visst mykje spillglede, gjort gode kampar og hatt gode oppmøter på treningane.

Trener: Linn-Jeanette Dønnem Selnes

**Gutter 9/10**
Guter 9 og 10 år har stilt felles lag sesongen 21/22 med trening kvar tysdag og torsdag. Totalt har ca. 10 spelarar. Dei har spelt fire kampar (to i 2021 og to i 2022). Alle kampane har vore i klassen G10. Dei har vist stor framgang og er ivrige på trening. Dei har trena keepertrening, skot og finter. Dei har blitt eit meir samla lag og er ein fin gjeng.

Trener/Oppmann: Veronika Holen/Synne Vefring

**Jenter 11/12**
Har deltatt på 8 turneringer i løpet av sesongen. De er en stor gruppe med 19 ivrige jenter som viser stor fremgang og presterer veldig bra i kampene. Det er godt treningsoppmøte og de virker som om at gruppen trives veldig godt i lag sosialt.

Jentene har også hatt treninger sammen med guttene, selv om de da har blitt en veldig stor gruppe så har dette fungert bra.

Jentene har også hatt tilbud om en ekstra trening på enkelte fredager for de som ønsker mer trening utover de obligatoriske øktene. Det har væt svært godt oppmøte på fredags treningene noe som understreker at dette er en ivrig gjeng som trives i lag med håndballen.

Trener/oppmann: Siv Ølmheim/Anita Sæle

**Gutter 11/12**
G11/12 har deltatt på 8 turneringer i løpet av sesongen. 1 turnering ble avlyst pga korona.
Spillemessig har guttene hatt en fin fremgang og spiller jevnt med de fleste lagene.
Vi har valgt å kjøre buss på turneringer, noe som er både sosialt og kjekt.

I kløpet av sesongen har vi hatt vekst i antall spillere og er nå oppe i 12 aktive gutter.
Vi samkjører en del treninger med J11/12, og det fungerer veldig bra.
I tillegg har vi laget ett ekstra tilbud for spilletreninger fredagene.

Foreldre og førersete er flinke å følge opp guttene, og mange er med på bortekampene

Trener: Roy-Arve Ørnehaug

**Kvinner senior 4 divisjon**
IL Høyang har igjen kunne stille med senior lag i kvinner 4 divisjon etter noen års fravær. Vi har hatt en stor spillergruppe med totalt 22 aktive utøver noe som har vært utfordrende med tanke på å kunne gi alle et godt nok kamp tilbud -og vi har har vært nødt til å prioritere spilletid og deltakelse i kampaktivitet etter oppmøte på treninger.

Etter 9 spilte kamper ligger laget på 7 plass på tabellen med 2 seirer 2 uavgjorte og 5 tap. Sportslig er laget i positiv utvikling, men man henger etter de beste lagene i det kollektive spillet noe som er naturlig etter noen år med fravær fra håndballen og med spillere som ikke har spilt sammen tidligere.

4 divisjon har vært noe preget av Covid -19 pandemien og det har vært innført restriksjoner som har ført til stopp i både trening -og kampaktivitet. Til tross for dette ser det ut som at man skal klare å gjennomføre alle oppsatte kamper inneværende sesong.

Senior håndball ser også ut til å være en populær aktivitet for innbyggerne i Høyanger da det har vært godt oppmøte av tilskuere og god kafedrift under hjemmekamper i Høyanger hallen.

Trener/Oppmann: Tommy Ølmheim/Hildegunn Norevik Løland

**Annet**

Håndballgruppen synes at hallkapasiteten i Høyanger er utfordrende. Vi skulle ønsket vi kunne tilby mer aktivitet for de eldste gruppene og vi synes det er utfordrende at vi må dele hall mellom flere lag slik at man for enkelte grupper er over 30 utøvere som skal trene samtidig. Så store grupper går utover kvaliteten på trening og man får sjeldent øvd på hel bane.

Med kampaktivitet i helgene er det også ønske om å unngå treninger fredager og mandager i forhold til belastning og treningsintensitet før og etter kamp. Vi håper at dette vil bli tatt hensyn til ved fremtidig tildeling av halltid mellom de ulike særgruppene.

Vi mener også at hovedstyret i IL Høyang må tilrettelegge og sørge for at ulike særgrupper ikke setter opp treningstid samtidig for samme aldersgruppe og at idrett i sesong må ha prioritet for de yngste gruppene. Dette er svært viktig om man skal kunne opprettholde et breit tilbud i idrettslaget i fremtiden.

Tommy Ølmheim
Leiar

## Styret i IL Høyang Fotball sitt arbeid i 2021

Dette var styret i fotballgruppa 2021:

Vi har vore 6 valde medlemmer;
Tore Ytredal, leiar
Trude Østerbø, styremedlem, Fair play-ansvarleg, kontaktperson aldersbestemt
Sven Ove Råsberg, styremedlem, arrangementsansvarleg
Guro Sagen Knudsen, styremedlem
Linn Jeanette Dønnem Selnes, styremedlem, arrangementsansvarleg
Idar Henning Måren, styremedlem, materialforvaltar

**Andre oppgåver:**

Materialforvaltar: Idar Henning Måren
Arrangøransvarleg for senior 4.divisjon og 3.divisjon: Tore Ytredal og Sven Ove Råsberg
Ansvar for Firda live: Kjell Erik Olsen og Malin Fjæren
Ansvar for adelskalender: Tore Ytredal og Odd Willy Knudsen
Facebook redaktør: Marianne Taule

**Vi har gjennomførte 10 ordinære styremøte i løpet av rekneskapsåret.**
I tillegg har leiar delteke på møte/samlingar med hovudstyret, og vi har hatt trenarforum, oppmannsmøte, dommarmøter og grasrotrener-kurs.
Delar av styret deltok på jubileums-kretstinget i Førde i november 2021. Her vart det utdelt 3 blå diplom til eldsjeler i klubben; Miguel Maureira, Anja Pettersen og Leif Arne Tveit.
Vi fekk også besøk frå Sogn og Fjordane fotballkrets.
Etter sesongen hadde vi oppsummeringsmøter med seniortrenerane/aldersbestemt.

**Fotballskule**
Vi har også i juni 2021 arrangert fotballskule med 84 deltakarar.
Dette gjekk over fire dagar med fotball frå kl. 10.00-14.00
Her stilte 11 personer frå 16 år-18 år som instruktørar, og gjorde ein kjempejobb.
Kjempegod dugnadsinnsats frå foreldre og fotballstyre var det også for å få dette til å gå rundt.
No har vi avvikla fotballskule to år på rad, med stor suksess.
Takk for innsatsen alle som bidrog!



**Dommarsatsing:**
Vi har fortsatt eit stort problem på dommarsida i klubben vår. Styret har invitert medlem til å ta dommarkurs, men ingen har meldt seg til dette i år. Likevel har sesongens heimekampar blitt gjennomført på ein god måte. Gute 1. div er blitt leia av kretsdommarar, og smågutekampane har blitt leia av tidligare Høyangspelarar: Svein Inge Bergset, Kjell Erik Olsen og Miguel Maureira. Resten av kampane har gute- og småguttespelerane tatt seg av.
Vi gjennomførte eit lite, privat dommarkurs med Geir Helge Alrek før sesongen starta, og dei unge dommerane har gjennomført kampane med glans.
Takk for innsatsen alle saman!

## Sportslege prestasjonar 2021;

### A-lag Herrar 4.div 2021

**ANSVARLEGE 2021 :**
Hovudtrenar : Miguel Maureira
Hjelpetrenar/Spelarutviklar : Jarl Ulvestad
Keepertrenar/Spelarutviklar : Mauricio Hernandez
Lagledarar / oppmenn : Einar Giil, Frode Fossen, (takk for veldig bra jobb. Vi trenarar har fått fokusert på det sportslege!)
Andre som har bidratt rundt laget i år er :
Takk og til Svein Inge Bergset og Kjell Tore Våge som har hjelp oss på enkelte treningar. Vil takke alle sjåførane som stiller opp gang etter gang, og køyrer oss på bortekampane.
Takk og til Idar Henning Måren som har vore veldig behjelpeleg med utstyr etc.
Takk til fotballstyret, og til andre som har bidrege rundt laget denne sesongen.

### IL Høyang – A-laget. Sesongen 2021

Vi starta sesongen som vanleg i januar. Årets stall er ung. Dei fleste spelerane er under 20 år. Oppmøte på treningane har vore stabilt godt, særleg på vårhalvåret, og kvaliteten har også vore god, trass i ein ung gjennomsnittsalder. Vi har mista spelarar i løpet av året og nokon har starta på studier eller reist i militæret, slik at vi har blitt nokre færre på treningane i haust. Kvaliteten på treningane har likevel vore god, mykje takka varierte og målretta treningsopplegg frå trenarteamet.

Når sesongen først starta i august, var vi veldig spente. Korleis stod det til etter ein og ein halv sesong med koronainnskrenkningar? Heldigvis fekk vi ein flying start med sigrar mot dei laga det var viktig å slå; Kaupanger, Jølster og Bremanger. Når dei deretter delte poenga mellom seg i dei innbyrdes oppgjera, var det tidleg klart at vi kom til å få ei bra plassering i årets 4.divisjon. Om det spelte inn i svake kampar mot Førde, Stryn og Jølster, er ikkje umulig. Avlutninga av sesongen var bra; uavgjort mot Bremanger er godkjent, og plasseringskampane mot Studentspretten var spennande og god underhaldning!!

Neste sesong blir utfordrande. Stryn, Måløy/Tornado, Eid, Sogndal 2, Fjøra og Årdal!! Har vi gløymt nokon? Når vi skal møte desse laga, må vi prestere på eit høgare nivå enn vi i år gjorde mot Stryn og Førde. La oss håpe at dei unge spelarane vi brukte i år er godt motiverte, og at vi i tillegg beheld dei fleste av dei litt meir rutinerte spelerane.

Vi vil til slutt få takke styret og kamparrangøransvarleg for godt arbeid.
Takk for ein fin sesong!!

Miguel, Maurizio og Jarl



**A-lag Dame – 4. divisjon i 2021 7- ar Kretsmester**

Malin Fjæren og Linn Jeanette Dønnum Selnes har hatt hovudansvaret for Damelaget i 2021.
Lagleiarfunksjonen har jentene tatt seg av sjølv.
Sportsleg har laget vært suveren i 4 divisjon. Det har vore ein god «giv» i laget .
Utfordringa framover er å rekruttere nye spelarar!
Vi takkar trenarar og støtteapparat for vel utført jobb.

Vi var ei treningsgruppe på mellom 7-10 spillera. Vi fekk inn nokre nye i løpet av oppkjøringa, så vi var vel oppe i 12/13 personar på det meste. Vi trena i lag med jentelaget heile sesongen. Vi vann første kampen greitt heime mot Jotun. Mot Sogndal blei det en tett kamp som vi til slutt vinner 1-2 borte. Etter dette fulgte spanande kampar mot Atløy/Askvoll, og Syril. Før den siste kampen så har vi allereie vunne serien, og spela den kampen uavgjort 5-5. Litt mykje rot, men mykje skuldast at vi ikkje hadde med trener på benken og at vi visste at vi hadde vunne. Elles var vi avhengig av å låne

jentespelarar på 2 av dei 5 kampane, og det er vi takksame for! Jamnt over en god sesong, og vi vinn serien fortjent etter flere jamne kampa, som vi klarar og avgjere i vår favør.



**6.divisjon – Høyang 2**

Det vart ein ny sesong med 6.divisjon og det er fortsatt eit populært tiltak☺. Robert Aven og Einar Taule Øye haug har hatt ansvaret for Høyang 2 i år.
Helge Øyehaug har vore lagleiar.
Mathias Taule Øyehaug materilalforvaltar.
Marius Lillehaug vore ein god støttespelar.
På laget har det vore ei fin blanding av spelarar som mangla anna kamptilbod;

- spelarar som er for gamle for guttefotball og som ikkje vert tatt opp i A-lagsstallen
- spelarar som får lite speletid på A-laget
- spelarar som har «trappa ned» eller for andre grunnar ikkje kjem med i A-lagsstallen

Eit breiddelag for vaksne med andre ord.
Laget har hatt eit godt samarbeid med A-laget, og ein gong iblant har spelarar som har vore ute med skade, fått prøve seg på 6.divisjon, før dei entrar bana i 4.divisjon igjen.
Nokre guttespelarar har også fått prøve seg.
Laget har utmerka seg med godt frammøte på treningane og godt miljø

All ære til trenarar, støtteapparat og spelerane for vel utført innsats.



**IL Høyang stilte med desse laga i seriespel i sesongen 2021:**

**Gutelaget 15-17 år**

**Trenar: Marius Varden Fossen, Audun Rørvik.**
**Lagleiarar: Sven ove Råsberg**
**Gutelaget har gjennom sesongen hatt to faste treningar, søndagar og tysdagar. I samarbeid med A-laget og 6. div laget, har spelarar hatt tilbod om fleire treningar. Dette har vore i dialog med trenarar for desse laga. Naturleg som det har vore over fleire sesongar, da fleire gutespelarar sportsleg har teke fleire gode steg i retning av å bli betre.**
**Marius Fossen har vore trenar i vårsesongen, men grunna studiar fekk underteikna spørsmål om å overta dette ansvaret for haustsesongen. Utgangspunktet kjende eg dei fleste spelarane frå smågutelaget, noko som gjorde det lettare å ta tak i gruppa etter Marius.**

**Men alt i alt ein god sesong for gutane, spesielt kjekt at så mange har fått debutert på A-laget og gjort ein god innsats der! No gjenstår det å førebu desse gutane på neste sesong, og vere mest mogleg førebudd.**
**Takk for ein kjempe innsats sesongen 2021!**



**Jente 17**

Vi starta sesongen midt i januar og hadde 2 treningar i veka t.o.m 16 desember. Frammøte på treningane har vore veldig bra gjennom heile sesongen. Vi hadde ein stall på 12 jenter og har spilt i ein 7'ar/9'ar serie.

Mandagstreningane var i lag med damelaget og her var vi på det meste over 20 på enkelte treningar, men låg oftast på mellom 16 og 18 på trening. Da fekk vi spelt 9'ar på trening og det hjalp oss mykje inn mot sesongen.

På vinteren var økt nummer 2 inne på fredagar fram til starten av mars. Etter dette trena vi ute på onsdagar. Dei som ønska kunne også trene ei ekstra økt med damelaget på torsdagar. Dette var det nokre av jentene som benytta seg av.

Det må og nemnast at keeperen vår, Guri, fekk Suenprisen i år for sitt inkluderande vesen, gode humør på trening og ein stor vilje til å jobbe for å utvikle keeperspillet sitt.

Vi fekk lov til å begynne spele kampar i juni, og vi starta mot Askvoll/Holmedal på kunstgraset den 3 juni.

Sesongen blei på 10 kampar og av desse vant vi 7 og tapte 3

Målforskjell på desse kampane var 40 – 27.

På hausten vant vi pulja vår og vi skulle spele om KM-tittelen. Det eine laget trakk seg, så vi endte med ein kamp i sluttspelet borte mot Heia. Etter 5 – 5 gjekk kampen til ekstraomgangar og straffespark. Her tapte vi dessverre 3 – 2.

Etter å ha deppa ein time, kom humøret tilbake og vi fikk ein fin tur heim tross tap. All honnør til jentene for ein kjempesesong med mykje godt spill, mange fine scoringar og godt humør på trening, i kamp og i bussen med vår faste sjåfør Asbjørn Måredal.

Desse jentene har bidratt i sesongen 2021:

Guri S Klævold, Tirill Aa Engen, Maria A Olsen, Kristine F Kvikne, Jenny Ø Breidvik, Karina Davenport, Vilde M Måren, Stina S Olsen, Anna S Måredal, Emma T Finden, Cathrine S Tveit og Julie Vågen. Ariana Rasdal og Julia Maureira har vert med på 2 kampar kvar.

Kjell Erik Olsen og Leif Arne Tveit



**Smågutar:**

Trenar: Anja Pettersen og Thomas Frichen, Audun Rørvik
Lagleiar: Rita Eldevik

G13/14 sesongen 2021

Småguttane leverte ein solid sesong i 2021. Av 18 lag enda vi opp som det 5. beste småguttelaget.
Vi har vore ei stabil treningsgruppe på 15+ på treningene. 3 treninger i starten av året, ned til 2 treninger på hele gruppa i kampsesongen. 5 av spillerene har i tillegg vore fast med guttelaget både på trening og kamp.
I vårsesongen spilte vi 10 kamper, vann 8 av dei. Vi var ubeseira på heimebane. Scora 34 mål og slapp inn 21. Vi vann pulja vår.
Vi rykte opp til 1.div, der vi havna i pulje med Stryn og Jotun. Desse laga gav oss hard kamp, noko som var utfordrende og moro. Enda på slutt på 5.plass etter ein solid plasseringskamp mot Florø, som vi vann 3-0.



Vi har hatt spillere på krets- og sone. Veldig fin gjeng, som bruker mykje tid på fotballbana utenom treningstidene.
Støtteapparat rundt gutta har vore:
Trenere: Audun Rørvik, Anja Pettersen og Thomas Frichsen.
Super lagleder: Rita Eldevik

**Lillegutar (G12):**
Trenar: Vibeke Svedal
Lagleiar: Ove Hellem

SESONGEN 2021



Denne sesongen har G12 hatt 9 spillerar. Vi har derfor fått låne 2 gutar fra G11 heile sesongen slik at vi har klart å stille eit stabilt 7-ar lag.

Vi har spilt i 9-ar serie men pga få spillerar har vi spilt 7-ar kampar mot alle motstandarane. I vårsesongen møtte vi tøff motstand og det vart ein del tap.

I høstsesongen mista vi spillerar og vi hadde ein spiller som var ute ein periode p.g.a. armbrudd. Vi fikk god hjelp ved at vi fikk låne ein J12 spiller heile høstsesongen. Med nye motstandarar vart det andre resultat i haust. Det vart fleire seierar og mange jamne og spennande kampar.

Det er ein kjekk og treningsivrig gjeng som har hatt god innsats i både kampar og på trening.

Nokre av gutane har fått hospitert opp og har hatt mykje glede av det. Dei same gutane fekk være med på Førde Cup i november og spilte på G13, også ei kjekk erfaring.

Eg ser fram til ein ny sesong med denne kjekke gjengen.

**Lillejenter (J10):**
Trenar: Åge Nesse
Trener: Jan Milde



**J10 sesongen 2021**
Sesongen 2021 var det 10-11 jenter, derav 3 som var 11 år.
Dei tre 11-års jentene hadde ikkje tilbod i eigen årsklasse og vi fekk difor disp. til at dei kunne spele kampar med J10. Laget spela 12 kampar med siger i alle kampane.
Trenerane er imponert over utviklinga til jentene, dei er lærevillige og interesserte. Vi har øvd mykje på pasningsspel og at vi må framstå som eit samla lag.
Desse jentene har vært med sidan dei starta med barnefotball, og vi håper alle saman fortsetter framover.

## G11 sesongen 2021
G11 har denne sesongen vert 13 spelera. Med spelera frå Høyanger, Kyrkjebø, Nessane og Lavik. I tillegg har vi fått låne nokre yngre spelera ved behov. På same vis som vi også har lånt nokre spelera til G12 når dei har behov. Det er varierande kor masse og kor lenge desse gutane har spelt fotball. Men med to treningar i veka ser vi framgang på gjengen.
Høstsesongen med noko meir jevne kampar var hakke meir spennande enn vårsesongen der vi vart overkjørt i kvar ein kamp.
Trenera : Lars Åge Hommedal og Vegar Lambretchs.
Lagleiar :Siv Anita Gudvangen



**Lillegutar (G10):**

Gutter 10 år bestod av spelarar fra Høyanger og Kyrkjebø og hadde en base på 11 spelarar. Laget spilte 13 kamper totalt i 2021 mot lag fra Sunnfjord regionen. Det ble mange jevne kamper sjølv om resultatet ikkje gikk vår veg. Spillerne har hatt god utvikling siste år med tanke på lagspill.
I 2021 trente G10 sammen med G9 for å få bedre treninger med nok spillere til å kunne spille 7 mot 7.
Trenerteamet for G10 bestod av Kjartan Heggø og Asbjørn Hesjedal.

Tusen takk for vel utført arbeid alle saman!



**Avslutning for aldersbestemt**




(plakat frå ei tidlegare avsutning)

8. desember hadde vi tradisjonell avslutning for dei aldersbestemte laga. Trenerane sa nokre ord om sesongen for sine lag og vi hadde quiz og gratislotteri med flotte premiar. Tusen takk til mange flotte sponsorar til desse premiane!

Hovudpremien var Suen prisen, som vart fortent tildelt Guri Sværen Klævold, frå J15/17.
Til slutt blei det servert pizza og saft. Dette vart eit kjekt og vellukka arrangement.





*Guri Sværen Klævold med Suenprisen 2021.*

**Romjulscup for store og små:**
Den blei avlyst pga Covid - 19

**Avslutning:**
Vil til slutt nytte høvet til å takke alle trenarar, leiarar, dommarar, støttespelarar og styremedlemmer i gruppa for god innsats i 2021. Håper at De alle saman går på eit nytt år!

Til dei som vil ha ein fortent pause frå fotballarbeid, vil vi seie;
" Tusen takk for innsatsen, velkomen attende ved eit seinare høve".

Høyanger, 20.02.20.

Tore Ytredal
Leiar

Sven Ove Råsberg
Styremedlem

Trude Østerbø
Styremedlem

Guro Sagen Knudsen
Styremedlem

Linn Jeanette Dønnum Selnes
Styremedlem

Idar Henning Måren

G13/14 sesongen 2021

Småguttane leverte ein solid sesong i 2021. Av 18 lag enda vi opp som det 5. beste småguttelaget.

Vi har vore ei stabil treningsgruppe på 15+ på treningene. 3 treninger i starten av året, ned til 2 treninger på hele gruppa i kampsesongen. 5 av spillerene har i tillegg vore fast med guttelaget både på trening og kamp.

I vårsesongen spilte vi 10 kamper, vann 8 av dei. Vi var ubeseira på heimebane. Scora 34 mål og slapp inn 21. Vi vann pulja vår.

Vi rykte opp til 1.div, der vi havna i pulje med Stryn og Jotun. Desse laga gav oss hard kamp, noko som var utfordrende og moro. Enda på slutt på 5.plass etter ein solid plasseringskamp mot Florø, som vi vann 3-0.

Vi har hatt spillere på krets- og sone. Veldig fin gjeng, som bruker mykje tid på fotballbana utenom treningstidene.

Støtteapparat rundt gutta har vore:

Trenere: Audun Rørvik, Anja Pettersen og Thomas Frichsen.

Super lagleder: Rita Eldevik



**IL Høyang – A-laget. Sesongen 2021**

Vi starta sesongen som vanleg i januar. Årets stall er ung. Dei fleste spelerane er under 20 år. Oppmøte på treningane har vore stabilt godt, særleg på vårhalvåret, og kvaliteten har også vore god, trass i ein ung gjennomsnittsalder. Vi har mista spelarar i løpet av året og nokon har starta på studier eller reist i militæret, slik at vi har blitt nokre færre på treningane i haust. Kvaliteten på treningane har likevel vore god, mykje takka varierte og målretta treningsopplegg frå trenarteamet.

Når sesongen først starta i august, var vi veldig spente. Korleis stod det til etter ein og ein halv sesong med koronainnskrenkningar? Heldigvis fekk vi ein flying start med sigrar mot dei laga det var viktig å slå; Kaupanger, Jølster og Bremanger. Når dei deretter delte poenga mellom seg i dei innbyrdes oppgjera, var det tidleg klart at vi kom til å få ei bra plassering i årets 4.divisjon. Om det spelte inn i svake kampar mot Førde, Stryn og Jølster, er ikkje umulig. Avlutninga av sesongen var bra; uavgjort mot Bremanger er godkjent, og plasseringskampane mot Studentspretten var spennande og god underhaldning!!

Neste sesong blir utfordrande. Stryn, Måløy/Tornado, Eid, Sogndal 2, Fjøra og Årdal!! Har vi gløymt nokon? Når vi skal møte desse laga, må vi prestere på eit høgare nivå enn vi i år gjorde mot Stryn og Førde. La oss håpe at dei unge spelarane vi brukte i år er godt motiverte, og at vi i tillegg beheld dei fleste av dei litt meir rutinerte spelerane.

Vi vil til slutt få takke styret og kamparrangøransvarleg for godt arbeid.
Takk for ein fin sesong!!

Miguel, Maurizio og Jarl



## J10 sesongen 2021

Sesongen 2021 var det 10-11 jenter, derav 3 som var 11 år.

Dei tre 11-års jentene hadde ikkje tilbod i eigen årsklasse og vi fekk difor disp. til at dei kunne spele kampar med J10. Laget spela 12 kampar med siger i alle kampane.

Trenerane er imponert over utviklinga til jentene, dei er lærevillige og interesserte. Vi har øvd mykje på pasningsspel og at vi må framstå som eit samla lag.

Desse jentene har vært med sidan dei starta med barnefotball, og vi håper alle saman fortsetter framover.

Trenarar har vore Jan Milde og Åge Nesse.

# JENTE 15/17 sesongen 2021



Vi starta sesongen midt i januar og hadde 2 treningar i veka t.o.m 16 desember. Frammøte på treningane har vore veldig bra gjennom heile sesongen. Vi hadde ein stall på 12 jenter og har spilt i ein 7'ar/9'ar serie.

Mandagstreningane var i lag med damelaget og her var vi på det meste over 20 på enkelte treningar, men låg oftast på mellom 16 og 18 på trening. Da fekk vi spelt 9'ar på trening og det hjalp oss mykje inn mot sesongen.

På vinteren var økt nummer 2 inne på fredagar fram til starten av mars. Etter dette trena vi ute på onsdagar. Dei som ønska kunne også trene ei ekstra økt med damelaget på torsdagar. Dette var det nokre av jentene som benytta seg av.

Det må og nemnast at keeperen vår, Guri, fekk Suenprisen i år for sitt inkluderande vesen, gode humør på trening og ein stor vilje til å jobbe for å utvikle keeperspillet sitt.

Vi fekk lov til å begynne spele kampar i juni, og vi starta mot Askvoll/Holmedal på kunstgraset den 3 juni.

Sesongen blei på 10 kampar og av desse vant vi 7 og tapte 3

Målforskjell på desse kampane var 40 – 27.

På hausten vant vi pulja vår og vi skulle spele om KM-tittelen. Det eine laget trakk seg, så vi endte med ein kamp i sluttspelet borte mot Heia. Etter 5 – 5 gjekk kampen til ekstraomgangar og straffespark. Her tapte vi dessverre 3 – 2.

Etter å ha deppa ein time, kom humøret tilbake og vi fikk ein fin tur heim tross tap. All honnør til jentene for ein kjempesesong med mykje godt spill, mange fine scoringar og godt humør på trening, i kamp og i bussen med vår faste sjåfør Asbjørn Måredal.

Desse jentene har bidratt i sesongen 2021:

Guri S Klævold, Tirill Aa Engen, Maria A Olsen, Kristine F Kvikne, Jenny Ø Breidvik, Karina Davenport, Vilde M Måren, Stina S Olsen, Anna S Måredal, Emma T Finden, Cathrine S Tveit og Julie Vågen. Ariana Rasdal og Julia Maureira har vert med på 2 kampar kvar.

Kjell Erik Olsen og Leif Arne Tveit



**G10 2021**

Gutter 10 år bestod av spiller fra Høyanger og Kyrkjebø og hadde en base på 11 spillere. Laget spilte 13 kamper totalt i 2021 mot lag fra Sunnfjord regionen. Det ble mange jevne kamper sjølv om resultatet ikkje gikk vår veg. Spillerne har hatt god utvikling siste år med tanke på lagspill.

I 2021 trente G10 sammen med G9 for å få bedre treninger med nok spillere til å kunne spille 7 mot 7.

Trenerteamet for G10 bestod av Kjartan Heggø og Asbjørn Hesjedal.

**Hilde Johanne Bjørkhaug**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Tore Ytredal <tore.ytre@icloud.com> |
| **Sendt:** | tirsdag 8. februar 2022 14:03 |
| **Til:** | Hilde Johanne Bjørkhaug |
| **Emne:** | Fwd: Skriv om G12 |

Videresender melding:

**Fra:** Vibeke Svedal <Vibeke.Svedal@hoyanger.kommune.no>
**Emne: Skriv om G12**
**Dato:** 2. feb. 2022 kl. 23:05
**Til:** Tore Ytredal <tore.ytre@icloud.com>

G12 SESONGEN 2021

Denne sesongen har G12 hatt 9 spillerar. Vi har derfor fått låne 2 gutar fra G11 heile sesongen slik at vi har klart å stille eit stabilt 7-ar lag.

Vi har spilt i 9-ar serie men pga få spillerar har vi spilt 7-ar kampar mot alle motstandarane. I vårsesongen møtte vi tøff motstand og det vart ein del tap.

I høstsesongen mista vi spillerar og vi hadde ein spiller som var ute ein periode p.g.a. armbrudd. Vi fikk god hjelp ved at vi fikk låne ein J12 spiller heile høstsesongen. Med nye motstandarar vart det andre resultat i høst. Det vart fleire seierar og mange jamne og spennande kampar.

Det er ein kjekk og treningsivrig gjeng som har hatt god innsats i både kampar og på trening.

Nokre av gutane har fått hospitert opp og har hatt mykje glede av det. Dei same gutane fekk være med på Førde Cup i november og spilte på G13, også ei kjekk erfaring.

Eg ser fram til ein ny sesong med denne kjekke gjengen.

Trenar: Vibeke Svedal



## Rapport 6 Div

### Oppkøyring og trening

Som følge av koronarestriksjonar gjennom vinteren vart det ein litt forsinka sesongoppkjøring . Eit alternativ var å starte opp med trening utan kontakt når dette vart lov. Men vi vurderte det til at eit slikt tilbod ikkje ville ha godt nok oppmøte til å få god nok kvalitet på treningane. I denne perioden vart det i staden opp til kvar enkelt å drive eigentrening.

Når treningane omsider kom i gang var det stort sett veldig godt oppmøte. Gresskrigerne har som mantra å vere et tilbod for alle og vi set det sosiale aspektet høgt. Dette er viktig i forhold til at vi får med så mange som mogleg, då det av og til kan vere vanskelig å få med nok spelarar på enkelte bortekampar. Som regel har vi låge mellom 10-20 stk. treningane. Det har vore ein god miks mellom unge og litt eldre spelarar med mykje erfaring. Dette har vore viktig i forhold til å holdet oppe trøkket på treningane.

Ordninga med trening måndag og onsdag fungerte greitt under oppkøyringa, men det vart ei utfordring når vi kom i gang med kampane. Det vart ein del dårligare oppmøte onsdagane som følgje av tunge bein og litt vondter her og der. Vi kunne nok ha justert på dette, men som følgje av at det var så få kampar valte vi å behalde treningstidene som dei var. I 2022 går vi tilbake til måndag og torsdag då dette fungerer best.

### Kampar

I løpet av den korte kampsesongen har vi sett igjen ein del av dei tinga vi jobba med på trening. Vi har sett ein god del utvikling på dette med å ha god struktur og kommunikasjon. Vi har sett at fleire tar ansvar både for seg sjølv og andre. I tillegg tok vi eit stort steg på kordan vi handterte defensive dødballar utover sesongen.

Vi har spelt dei fleste kampane i ein variant av 4-4-2 eller 4-3-3 og variert alt etter kampbilete og tilgjengelege spelarar. Stort sett har vi lagt oss litt bakpå med eit lavt press, men i periodar har vi prøvd å stå høgare. I forhold til dette har i vert tydelege på at når vi først bestemmer oss å gå i press så må heile laget følgje etter. Dette har til tider fungert, men det er fortsatt ein del å jobbe med. Vi har også hatt fokus på at alle som er med på kamp skal få spilletid og at ein gjer prioriteringar på dette ut i frå oppmøte på trening.

Som andrelag er samarbeidet med a-laget viktig. Dette har stort sett fungert veldig bra og vi har avtalt løpande med teamet rundt a-laget kven som skal vere med og kor lenge dei eventuelt skal spele.

Spelarar frå gutelaget har også vore viktige for å ha nok spelarar til kampane. Vi set veldig pris på at dei ynskjer å vere med. Dei har tatt mykje ansvar respondert godt på dei fokusområde vi har inn mot kamp. Dette er eit samarbeid vi håpar kan fortsette gjennom sesongen 2022. Det same må seiast om gamle heltar som har stilt opp når vi har hatt behov for det.

### Vinterpause

Når kampane var ferdig i haust gjennomførte vi eit par treningar. Her var det i starten eit ganske bra oppmøte, men det dabba fort av. Det vart då samkøyrt nokre treningar med gutelaget slik at vi sikra eit tilbod for dei som var interessert. Vi tok ferie frå ca. 1 november.

**Oppsummering**

Totalt sett er vi godt fornøyd med sesongen 2021. Vi har spelt ein del bra kampar og sett utvikling på fleire punkt. Det har i tillegg vore viktig å re-etablere den sosiale arenaen som Gresskrigerne er. Sjølv om mykje har vore bra finnast det alltid noko å jobbe med. Spesielt på den fysiske biten kan ein med enkle grep verte mykje betre. Det er også ynskjeleg å vidareføre dei andre prinsippa frå 2021 i tillegg til at ein supplerer med nye når gruppa er klar for det.

Vi takker Helge Øyehaug for ein kjempe jobb som oppmann

Vi var ei treningsgruppe på mellom 7-10 spillera. Fekk inn nokre nye i løp av oppkjøringa så var vel oppe i 12/13 persona. Trente i lag med jentene heile sesongen. Vant første kampen greit heime. Mot Sogndal blei det en tett kamp som vi tilslutt vinner 1-2. Før den siste kampen så har vi allerede vunne serien, og spela den kampen uavgjort. Litt mye rot, men skuldast at vi ikkje hadde med trener på benken og at vi visste at vi hadde vunne☺ Elles var vi avhengig av jentespillera på 4 av 5 kampa, elles hadde vi vert for lite folk. Jamnt over en god sesong, og vinner serien fortjent etter flere jamne kampa, som vi klare og avgjøre i vårt favør.



# ÅRSMELDING 2021, FRIIDRETTSGRUPPA, IL HØYANG

## Styremedlemer i friidrettsgruppa 2021:

Anne Sissel Nordeide, leiar/sekretær
Lidvar Berge, kasserar
Odd Arild Løseth
Synne Nessestrand Vefring
Jonny Manseth

## Treningsaktivitetar

Friidrettsgruppa har hatt tilbod om basistrening når slik aktivitet har vore lov med tanke på smitteverntiltaka i samband med koronaviruspandemien.

Basistreninga har vore for ungdom og vaksne på kveldstid på onsdagar. Erlend Skreien har vore ansvarleg for treningane i Høyangerhallen.

## Arrangement og møteaktivitet

Friidrettsgruppa har, på grunn av koronaviruspandemien, ikkje arrangert noko i 2021, men bidrog under veldedighetsarrangementet «Superheltløpet» i august. Tiltaka rundt koronaviruspandemien har også i 2021 vore til hinder for ønska aktivitet, men medlemane i friidrettsgruppa har hatt kontakt etter behov. Leiar i friidrettsgruppa har deltatt på møter i hovudstyret i idrettslaget.

## Utviklingsmål

